

Referat soknerådsmøte og fellelrådsmøte (19:45)

23. oktober 2018 kl. 18:15 på kyrkjekontoret

Til stades: Lars Svendsen, Ragnhild Husa, Jostein Husa, Per Børge Hillestad, Tone Sævi, Erling Walderhaug, Anna Marit Storemark og Ottar Tangen.

Saksliste:

S 52/18 Godkjenning av innkalling og referat – ok

S 53/18 Skriv og meldingar

- Hugs: Inspirasjonssamling for alle soknerådsmedlemmar 17. november. Påmelding innan 14. november. Sjå link: <https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/forsideoppslag/mi-kyrkje---inspirasjonssamling-for-soknerada/>
- Julekonserten blir den 12. desember kl. 18:00. Ivar Mæland samarbeider med dei lokale aktørane og syr i saman eit program.
- Info om valnemnda: Oddvar Husa, Erling Herøy og Anita Duesund har sagt ja til å vere valnemnda.
- Til orientering: Førebels gudstenesteliste for 2019 ligg vedlagt. G2 gudstenestene er kl. 16:00. Idar Simonsen er prest på 17. mai gudstenesta og Kåre Berge er på julafta 2018.

S54/18 Babettes gjestebod 24. oktober. Kven kan stille frå kl. 16:00 og hjelpe til? Treng folk til å rigge frå kl. 16.00 denne dagen. Dei treng og litt forfriskingar og kaffi på sakristiet. Det vil og bli naudsynt å få nokon til å ta billettsalet og vere brannvakter under arrangementet. Ivar, Mia, Lars og Arve stiller kl. 16:00. Ragnhild og Jostein stiller klokka 18:00 for å ta billetter og vere brannvakter.

S55/18 Allehelgensdag 4. november med kveld i bedehuskjellaren etter gudstenesta. Kyrkjeverja har spurt Ingrid Nilsen og Anna Marit Storemark om å lage til, men vi treng og nokon til å rigge til på førehand og rydde etterpå. Ingrid og Anna Marit handlar inn, men treng eit ca. tal på kor mange som kjem. Kl. 15:30 kjem Tone, Erling og Ragnhild og lager til. Turid, Lars og Per Børge hjelper til med opprydding etterpå.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S56/18 Julefesten: Det er vår tur til å arrangere den. Den blir den 6. januar 2019. Sjå vedlegg frå sist julefest. Jostein og Anna Marit lager mat. Alle tek med ei kake kvar. Grete leiar juletrengong oppe. Ivar speler. Lars leiar nede. Ragnhild spør Jorunn Husa om ho vil lese ei julefortelling. Mia ordnar snopeposer og eventuelt nisse/heilage tre kongar og kjøper inn til festen. Tone og Erling tek inngangsbilletter, vi bruker også vipps. Festen startar 12:30. Mia setter lager oppsett til neste møte.

S57/18 Val av ny leiar og nestleiar: Lars Svendsen er valt som leiar vidare og Jostein Husa som nestleiar. Samrøysta.

S58/18 Offer for 2019 – AU ønskjer å delegere ansvaret til 2 i soknerådet som kan legge fram eit forslag på neste møte. Ragnhild Husa og Lars Svendsen lager eit forslag til neste møte.

S59/18 Eventuelle saker

- Monica Thomassen Waage og Elisabeth Gullaksen Tunglund har sagt ja til å forsette med ungdomskor, men ikkje som Ten Sing. Kyrkjevevja lager ei sak på dette til neste møte når det gjelder det økonomiske.
- Skal vi gje Kvardag og Helg til hyttefolk med postkasse? Julenummeret i fulldistribusjon også til hyttefolk. Vi vil og legge nokon i våpenhuset som folk kan ta med seg.
- Tone Sævi skriv julehelsing frå soknerådet til kvardag og helg.
- Neste salmekveld er 8. november. Første salmekveld i 2019 blir i februar, det blir annonsert i kvardag og helg.

Saksliste fellesråd:

F06/18	Godkjenning av innkalling og referat
Vedlegg	Referat frå 30. januar 2018

F 07/18	Skriv og meldingar
	<ul style="list-style-type: none">• Info om utvidinga av vegen aust for kyrkja – Kjell Samnøy og kyrkjevevja har sett på korleis dette kan gjerast og vi venter på eit prisoverslag frå Kjell Samnøy.• Info om tilsetting av ny prest. Korleis går prosessen? Idar Simonsen blir vikar frå januar. Bispedømmerådet vil tilsette på møte i februar 2019. Vi får utlysingsteksten og har uttalerett i forkant. I januar vil soknerådet ha uttalerett om tilsettinga.• Info om festeavgifta. Kommunestyret har hatt saka oppe igjen. Og den er no vedtatt. Da er det nye festeavgifter frå 2019.• Gjevartenesta – status : 48. 000 årleg

F 08/18	Budsjett 2019
Vedlegg	Budsjettforslag frå kyrkjevevja
Vedtak	Vi justerer festeavgiftinntekt og vedtar budsjettet slik kyrkjevevja la det fram.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

F 09/18	Tilsetting av ungdomsarbeidar
Vedtak:	Fedje kyrkjelege fellesråd tilsett Johanne Gullaksen Tungland i ei midlertidig ungdomsarbeidarstilling fra 1. januar til 30. juni 2019.

F 10/18	Eventuelle sakar
	Det trengs å gjevne ut og asfaltere vegen ved inngangen til kyrkjegarden. Kyrkjeverja tek kontakt med Kjell Samnøy for å få dette gjort så fort som råd er.

For soknerådet og fellesrådet: Mia Etokebe

Leiar: Lars Svendsen